



Pressemelding 10. september 2021

## **Ber føresette bli med når 12-15-åringane skal vaksinerast**

### **Onsdag 15. september får 12-15-åringar i Alver tilbod om koronavaksine i Nordhordlandshallen.**

- Vi ber ein føresett bli med alle under 16 år til vaksinasjon. Vi har dobbelt sett med stolar, slik at føresette kan sitje ved sida av barnet medan dei får vaksinen, forklarar kommuneoverlege Terese Folgerø.

Alver kommune har sendt ut informasjonsskriv til alle føresette om vaksinerings av aldersgruppa.

På [alver.kommune.no](https://alver.kommune.no) kan føresette bestille vaksinetime til barn og unge som er fylt 12 år.

### **Prat om vaksinerings**

- Vi oppfordrar at dei vaksne pratar med barna om koronavirus og vaksinerings, og håpar at flest mogleg i aldersgruppa 12-15 år vel å ta vaksinen. Smittesituasjonen i Alver og presset på koronatesting viser at det er eit klart behov for å raskast mogleg få vaksinert også 12-15-åringane, seier Folgerø.

Folkehelseinstituttet har laga ein eigen plakat som forklarar koronavaksine på 1-2-3. Den gir viktig informasjon både til føresette og barn:

[https://www.fhi.no/contentassets/468abf05bc8244dd82f988c17ca06979/vedlegg/ny\\_norsk\\_koronavaksine-for-ungdom.pdf](https://www.fhi.no/contentassets/468abf05bc8244dd82f988c17ca06979/vedlegg/ny_norsk_koronavaksine-for-ungdom.pdf)

### **Begge føresette må signere samtykke**

For at barn under 16 år skal kunne få vaksine må signert samtykkeskjema leverast på vaksinasjonsdagen.

- Samtykkeskjema må vere signert av begge føresette. Signert samtykke kan signerast og scannast av den eine føresette og sendast til den andre føresette om det er behov for det. I tillegg til at føresette mottar informasjon om vaksine og samtykkeskjema på e-post skriv skulane ut og sender samtykkeskjemaet heim med elevane i ranselen, seier Folgerø.

Den føresette som blir med på vaksinasjonsdagen må ha med id-kort, minner kommuneoverlegen om. Barn mellom 12 og 15 år får éin vaksinedose.